

# JOTUNHEIMEN RUNDT 9-10. juli .2010

Gode medsyklistar!

Ein ny og spanande sykkelsesong står for døra for til årskomne kvinner og menn. Interesse for å delta på turritt ser ikkje ut til å vera påverka av finanskrisa, kanskje tvert imot kan det sjå ut som om menn og kvinner nyttar krisa til å realisera seg på andre område.

Også i år er det mange flotte ritt på den tida av året kor det er best å sykla på våre breiddegrader. Eit av desse, som heilt klart er på nivå med Bergen – Voss er styrkjeprøva **Jotunheimen Rundt**.

**I år går dette rittet av stabelen fredag den 9. juli kl. 21.05 frå Lærdal.**

Også i år vil me i BergenCK prøva å få til eit felles opplegg i samband med dette vakre rittet, som går gjennom storslått natur. I fjor var me ca. 20 – 25 ryttrar som stilte til start, og ca. 15 av oss kom saman i mål (dei fleste av dei andre kom også i mål). Me hadde ein fantastisk tur frå start til mål, som inneheldt store kulturelle, sosiale og sportslege innslag.

Intensjonen med opplegget er at me skal køyra som eit lag frå start i Lærdal til målgang i Sogndal, kor me skal utnytta føremonene med det å køyra som eit lag med rullering og godt samarbeid til beste for alle. Målsetjinga med omsyn til tid vil vera ein stad rundt 16 timar (eit mogeleg mål kan vera å slå tida frå i fjor på 15:32). Dette skal fyrst og fremst vera ei sosial, kulturell og sportsleg hending for deltakarane, med gode pausar for inntak av mat og drikke. Dersom nokon av oss punkterer eller får andre tekniske problem, skal me vera solidariske og venta på vedkomande.

Dei av dykk som tykkjer dette er interessant og som kan tenkja seg å vera ein del av dette fellesopplegget kan ta kontakt med underteikna. Fint om interesserte gjev melding på e-mail.

**NB!!! Ein viktig føresetnad for deltaking på dette rittet, er at verprognosene er nokolunde oppløftande. Underteikna kjem ikkje til å delta dersom det er meldt kaldt og våt ver.**

Me vil prøva å få til mest mogeleg fellestransport frå Bergen til Lærdal og attende, med avreise seinast kl. 15.00 frå Bergen fredag den 9. juli. Dei som har kjøretøy til disposisjon vert bedne om å gje melding til underteikna. Rittet startar om kvelden fredag den 09.07, og i høve til den sluttida me tek sikte på så startar me kl. 21.05 (slik som i fjor).

Dette er i utgangspunktet eit opplegg som er open for alle som er interessert enten dei er medlem av BergenCK eller andre klubbar!

Eg vil oppmoda dei av dykk som er medlem av BergenCK å gje melding til meg om det i e-mailen innan 28. april 2010.

Vonar å høyra frå Dykk som er interessert!

Kontaktperson:

Sigbjørn John Huun

[sihuu@innovasjon norge.no](mailto:sihuu@innovasjon norge.no) eller **91 60 88 51**